

JORAMO BYGDEALMENNING

ÅRSMELDING FOR 2018

STYREVERV OG REPRESENTASJON

Under ålmenningsvalet i april vart dei tre styremedlemene som var på val attvald, og på styremøtet 23. mai vart styreleiar og nestleiar attvald.

Styre:

<i>Tor Ivar Hovhaugholen - leiar</i>	<i>(2018 – 2022)</i>
<i>Birger Brækken – nestleiar</i>	<i>(2018 – 2022)</i>
<i>Pål-Lasse Torstad</i>	<i>(2018 – 2022)</i>
<i>Arne Hage</i>	<i>(2016 – 2020)</i>
<i>Øivind Groven</i>	<i>(2016 – 2020)</i>
<i>Irene Amundgård</i>	<i>(2016 – 2020)</i>

Varamedlemer 2016 -2020:

- 1. Britt Elin Gråberg*
- 2. Tore Amundgård*
- 3. Morten Hovhaugholen*

Varamedlemer 2018 – 2022:

- 1. Konrad Eithun*
- 2. Håvard Syse*
- 3. Dag Siljehaug*

Valgkomitè:

Tor Egil Selsjord – leiar
Ola B. Killi
Arnulf Bentsdal

Varamedlem til valgkomitèen:

Ellen Marie Sørungård Syse

Revisor:

PricewaterhouseCoopers AS, Lillehammer

Styreleiar *Tor Ivar Hovhaugholen* er ålmenninga sin representant i *Dovre Elgutvalg*, og han er styremedlem i *Snøhetta Villreinutvalg*.

Det er gjennomført 7 styremøter.

Årsmøte og ålmenningsval 2018 vart halde på Joramo Næringstun 18. april med 2 bruksrettshavarar og 5 styremedlemer til stades.

ADMINISTRASJON

Kontor og rekneskap

Etter arbeidsavtale av 31.12.2017 har *Narve Tveiten* styrarfunksjon.

Etter avtale av 03.03.2017 har *Lesjar Regnskap og Rådgivning AS* leverert tenester innan rekneskap, mva, lønn, årsoppgjer og rapportering. Fakturering har vore utført av styrar. Avtala med *Lesjar* er sagt opp med verknad frå 01.01.2019.

SPESIELLE STYRESAKER I 2018

Revisjon av bruksreglar

Gjeldande bruksreglar for Joramo bygdeallmenning var laga i 1997 ut frå mal utarbeidd av Landbruksdepartementet. Etter § 10 i bruksreglane skal regelverket gjennomgåast og eventuelt reviderast kvart 20. år. Reviderte bruksreglar skal godkjennast av departementet. Før dei blir sendt til departementet for godkjenning, skal eit utkast ha vore lagt ut til gjennomsyn for bruksrettshavarar i fire veker, etter at det er kunngjort om utleggjinga. Uttaler som kjem inn, skal sendast departementet saman med utkast til bruksreglar. Godkjente bruksreglar skal kunngjerast for bruksrettshavarane, og trer i kraft fire veker etter at dei er kunngjort.

Lov om bygdeallmenningar kom i 1992. Lovbestemmelsar om bygdeallmenningar var før dette spreidd på fleire lovar. Det er ingen store endringar i lova frå 1992 fram til i dag. Samstundes har det skjedd store endringar i samfunnet, ikkje minst i jordbruket. Dette kan ha noko å si for tolking og praktisering av ulike lovar og regelverk, slik som lov om bygdeallmenningar.

Det er ikkje foreslått vesentlege endringar i gjeldande bruksreglar. Ein del av teksten er omskrive, og det er føreslege ein del tillegg i teksten. Ved utarbeiding av forslag til reviderte reglar er det skjela til revidert regelverk i andre ålmenningar.

Revisjon av reglar for seterbebyggelse, hytter og buer i Joramo Bygdeallmenning

Etter vårt regelverk har det berre kunne gjevast løyve til byggjing av nye seterhus dersom det er jordbruksmessig behov for det. Ved revisjon av regelverket i 2006 vart det likevel åpna for å kunne bygge anneks i tillegg til seterstugu, avgrensa til 20 m².

Regelverket vart gjennomgått i 2018, og styret åpnar no for at det kan gjevast løyve til byggjing av ny seterstugu dersom den gamle er til forfalls og restaurering er lite aktuelt. Som tidlegare er det krav om at den gamle seterstugu skal rivast dersom det blir gjeve løyve til å bygge ny.

Ny vegordning for vegen til Grønsetre, Gardsenden og Grønbogen

Avtale om bruk og vedlikehald av vegen til Grønsetre, Gardsenden og Grønbogen vart oppretta 12.08.1983. Avtala kom i stand etter etter at ålmenninga i 1982/-83 bygde ny veg frå Hindåvegen til like opp for 3. lina over nye sikra planovergangar på Dovrebanen.

Dei viktigaste punkta i avtala frå 1983 er:

1. Seterbrukarane har vegrett frå E-136 (tidlegare E-69) og fram til setrane.
2. Ålmenninga har vegrett på setervegane.
3. Ålmenninga er ansvarleg for vedlikehald av vegen opp til Turrhaugen.
4. Seterbrukarane er ansvarleg for vedlikehald frå vegkrysset på Turrhaugen og til Grønsetre og Gardsenden.
5. Felles bomkasse ved Hindåvegen der bominntekter for setervegen skal delast likt mellom ålmenninga og seterbrukarane.
6. Det skal førstast eigen rekneskap for fellesvegen.
7. Eigen bombillett for Grønbogvegen utanom fellesordninga.

8. Avtala skal administrerast av eit arbeidutval som består av ein representant for seterbrukarane og ålmenningssstyraren.
9. Arbeidutvalet fastset opningsdato for vegen om våren og elles stenging av vegen ved behov.
10. Berre styra i ålmenninga og styret for Gardsenden-/Grønsetervegen kan endre innhaldet i avtala.

Avtaleteksten har i all hovudsak blitt følgd i dei 35 åra sidan avtala vart oppretta. Bompengordninga for Grønbogvegen har med åra vorte uaktuell.

Vegordninga har fungert greitt, men med oppstart av Grønbogen Fjelltak i 2012 er bruken av vegen mellom bommen ved Hindåvegen og til 3. lina kraftig endra. Korsvoll Maskin (KM) som driftar fjelltaket er i dag desidert største brukar av denne vegstrekningen. Ålmenninga har inngått avtale med KM om bruk og vedlikehald av denne vegstrekningen. Avtala gjeld òg vegen vidare opp til Turrhaugen, og i tillegg Brannvegen Nord og ny bilveg mellom setervegen og tidlegare Grønbogen Pukkverk. KM har bruksrett til desse vegane, og er ansvarleg for vedlikehaldet. Som kompensasjon for dette yter ålmenninga tilskot til vedlikehald av setervegen med sin del (50%) av overskot frå bomkasse. KM har rusta opp setervegen utan kostnader for ålmenninga.

Merete Stavheim og Birger Brækken har i mange år utført oppsyn med setervegen med tømning av bomkasse og kontroll av betalt bombillett, mot eit lite honorar.

Det blir ført eigen rekneskap for fellesvegen. Vegen/bomkassa har eigen bankkonto som frå 2016 har stått på Joramo bygdealmenning, før den tid på eigen privat bankkonto. I rekneskapen til ålmenninga er det berre fordelt overskot frå bomkasse som kjem til uttrykk. Fellesvegen er ikkje registrert i Brønnøysundregisteret, og får ikkje frådrag for inngåande meirverdiavgift knytt til vegvedlikehald og andre kostnader.

Dersom ålmenninga overtek alt ansvar for fellesvegen inklusive det økonomiske, vil alle inntekter og utgifter gjelde eit allereie registrert føretak, og vil få frådrag føremål knytt til meirverdiavgiftspliktig verksemd, slik som skogbruk og seterdrift. Vegen blir òg nytta av hytteeigarar, jegere og turistar, dvs ikkje meirverdiavgiftspliktig verksemd. Det vil difor bli ein avgrensa frådragsrett for meirverdiavgift fordelt etter bruk til ulike verksemdar eller aktivitetar.

Etter gjeldande avtale kan berre styra i ålmenninga og styret for Gardsenden-/Grønsetervegen endre innhaldet i avtala. Dersom ålmenninga skal ha eineansvar for vegen, må dette godkjennast av styret for Gardsenden-/Grønsetervegen. Det bør òg avklarast om inneståande midlar i kassa til Gardsenden-/Grønsetervegen i så fall skal overførast til ålmenninga.

Styret gjorde slik vedtak i møte 17.10.2018:

1. Styret foreslår at Joramo bygdealmenning overtek alt ansvar for vegane til Gardsenden og Grønsetre frå og med 01.01.2019.
2. Føresetnaden er at utbetring og vedlikehald skal dekkjast av bomavgift og tilskot
3. Avtale om bruk og vedlikehald av vegen til Grønsetre, Gardsenden og Grønbogen (1983) blir foreslått sagt opp frå og med same dato.
4. Saka blir oversendt styret for Gardsenden-/Grønsetervegen for behandling.

Endring av reglar for tildeling av elg-, hjort og rådyrjakt.

Etter våre jaktreglar har det vore krav om tilgang på godkjent ettersøkshund i tråd med hjorteviltforskrifta. Dersom hunden ikkje er med under jakta, så skal den vere tilgjengeleg innan rimeleg tid (4 timar), og det skal liggje føre avtale om dette. Det er lag som har jakta utan at godkjent ettersøkshund har vore med under jakta, og der denne må kome ved behov. Ein kan ikkje sjå bort frå at kravet om tilgang innan 4 timar ikkje alltid blir innfridd.

For å få ei mest mogleg effektiv jakt, er det viktig at ettersøkshunden er raskt på plass. Styret har difor bestemt at jaktlaget med godkjent ettersøkshund innan laget vil bli prioriterte ved trekning.

BRUKSRETT

Pr. 31.12.2018 var det 110 bruk i Lesja og 49 bruk i Dovre som har bruksrett i Joramo bygdealmening, i alt 159 bruk. Det er som året før.

Det er utbetalt kr 70.456 i *bruksrettsytingar og tilskot* til bruksrettshavarar, mot kr 231.678 året før.

Det vart blinka ved på rot 16 bruksrettshavarar dette året; fem hogstar på Vestsida, 8 hogstar i Kvislan og 3 hogstar ved Setervegen og Brannvegen.

Oversikt over *beitebruk* (fjorårstall i parentes):

Det blei sleppt totalt 681 (696) søyer, og 1206 (1273) lam på beite sesongen 2018. I tillegg blei det sleppt 156 (130) storfe.

Det totale tapet for sesongen 2018 blei 30(19) søyer og 61 (50) lam. Av det totale tapet skuldast ein del no som før, påkøyning av tog. Av storfe blei eitt dyr tapt på beite i 2018.

SKOGBRUKET

Skogkultur

Det er ikkje utført skogkultur i 2018.

Skogsdrifter sesongen 2017/2018.

Det har ikkje vore skogsdrifter i 2017/2018.

Ny skogbruksplan

Mjøsen Skog har teke på seg oppdraget med å lage nye skogbruksplanar i Lesja og Dovre. Styrar har delteke i plangruppe. Ålmenninga har tinga ny plan, som vil avløyse plan frå 1997. Kostnaden med planen er utrekna til netto kr 68.090 etter frådrag av forventa 50% statstilskot. I tillegg kjem dataprogramvara ALLMA med ein årleg kostnad på ca kr 1.200.

JAKT

Elg- og hjortjakt

Hjortjakt	Lag:	<i>Inge Birger Groven</i>
	Kvote:	1 fritt dyr
	Felling:	ingen
Fjellfeltet	Lag:	<i>Arild Rolstad</i>
	Kvote elg:	1 eldre okse, 1 yngre okse, 2 ungdyr/kalv
	Kvote hjort:	1 fritt dyr
	Felling elg:	2 voksne okse (195 kg og 164 kg), 1 kolle (140 kg), 1 ungdyr kolle (90 kg) og 1 ukskalv (58 kg, tilleggsdyr).
	Felling hjort:	ingen
Skogfeltet	Lag:	<i>Runar Rise</i>
	Kvote elg:	1 eldre okse, 1 eldre ku, 3 ungdyr/kalv
	Kvote hjort:	1 fritt dyr
	Felling elg:	1 voksen okse (263 kg), 1 ungdyr kolle (174 kg), 1 ungdyr okse (118 kg), 1 ungdyr kolle (118 kg), 1 ukskalv (79 kg) og 1 kukalv (58 kg, tilleggsdyr)
	Felling hjort:	ingen

Småviltjakt

Oversikt over kortsalg:

Korttype:	Prisar (u.b./i.b./br.r.)	Utanbygds:	Innanbygds:	Bruksrett:
Sesongkort med hund (rupe+hare)	1200/600/0	14+7	9	2
Sesongkort utan hund	1100/550/0	4	2	
3-dagars kort med hund	700/---/---	3		

Resultat etter leverte fangstoppgåver (tall fra 2017 i parentes).

Hare: 9 (4) stk. på 32 (28) jakt dager fordelt på 5 (5) jegerar.

Rupe: 83 (49) stk på 131 (79) jakt dager fordelt på 23 (22) jegerar.

Bestandsvurdering frå jegerane.

Hare: Medels-

Rupe: Medels+

Taksering/oppsyn:

Jo Halgunset utførte rypetaksering i august.

Fangstgrensa vart også i 2018 sett til 1 rype per dag / maks 5 ryper per sesong per jeger.

Reinsjakt

Snøhetta:

Kvote: 2 frie dyr, 5 kluftbukk, 6 simle/ungdyr og 6 kalv.

Felling: 2 eldre bukk, 2 yngre bukk, 2 eldre simle og 2 simlekalv
(fellingsprosent = 42)

Rondane nord:

Kvote: 1 fritt dyr

Felling: ingen (fellingsprosent = 0)

Rådyrjakt

Bukkejakt: *Christoffer Baraas*

Lagjakt felt 1 (sør for Raumabanen): *Erland Løkken*

" " 2 (nord for Raumabanen): *Hans Erik Bjørnvolden*

Kvote: 5 dyr

Felling: 2 geiter

UTLEIGE AV NÆRINGSBYGG

Leigetakarar pr. 31.12.2018:

Sykehuset Innlandet: Ambulansestasjon

Norsk Landbruksrådgivning

Gudbrandsdalen: Tilsett: *Leif Martin Svisdal* - rådgjevar

Q-meieriene: Tilsett: *Thor Morten Lindsø* – produksjonsrådgjevar.

FORTSATT DRIFT:

Forutsetning vedrørende fortsatt drift er tilstede og årsregnskapet for 2018 er satt opp under denne forutsetning.

ØKONOMI

Regnskapet for 2018 viser eit overskot på kr 359.506 mot kr 78.811 i 2017. Det som har påverka resultatet mest i høve til forrige år er:

- + Salg av grus- og fjellmasser, netto kr 268.652 (opp kr 157.442)
- + Bruksrettsytningar og tilskot, kr 70.455 (ned 161.223)
- Konsulenthjelp (ålmenningsstyrar), kr 234.410 (opp kr 140.514)
- Revisjonshonorar inkl. honorar for anna bistand, kr 110.310 (opp kr 41.460)
- Rekneskapshonorar, honorar for økonomisk og juridisk bistand, kr 129.116 (opp kr 33.263)

Per 31.12.2018 er innestående beløp i bank og kasse kr 1.084.728 (ned kr 316.618).
Lån i Sparebank 1 er kr 316.652 (ned kr 600.008). Kortsiktig gjeld er kr 588.246 (opp
kr 121.065). Kortsiktige krav er kr 743.523 (opp kr 274.821).

Joramo Næringstun, 20.mars 2019

Tor Ivar Hovhaugholen

leiar

Birger Brækken

nestleiar

Pål-Lasse Torstad

Øivind Groven

Arne Hage

Irene Amundgård

Narve Tveiten

ålmeningstyrar